



Til:

LIS1-legar i kommunehelsetenesta i Møre og Romsdal – periode 01.03.22-31.08.22

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marianne Ensby Gravem, 71 25 85 57

Invitasjon til kurs i offentlig helsearbeid 29. og 30. mars 2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal arrangerer kurs i offentlig helsearbeid for LIS1-legar i kommunehelsetenesta i Møre og Romsdal.

Stad: Scandic Hotel Seilet, Molde

Tidspunkt: 29. mars – 30. mars.

Kurset startar kl. 10:00, og vi ber dykk være ute i god tid. Registrering av frammøte startar kl. 09:30.

Læringsmål dag 1

Klagesaker, forsvarlegheit, teieplikt og meldeplikt, samtykke til helsehjelp.

Læringsmål dag 2

Trygdemedisin (sjukemeldingspraksis, uførestønad mm) og dokumentasjonsplikt, journalføring og overbehandling, førerkortforskriften og attestar og om psykisk helsevernloven.

Påmelding

Påmelding skjer elektronisk ved å bruke påmeldingslenka på heimesida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: [LENKE](#) Det er **frist for påmelding 9. mars**.

Registrering første kursdag er frå klokka 9.30. På begge kursdagar er lunsj inkludert. Kurset er gratis for deltakarane og Statsforvaltaren dekkjer ein overnatting, frå 29.-30. mars for dei som bor meir enn ein times reise frå hotellet. Statsforvaltaren har reservert rom på hotellet. Påmelding gjerast ved å krysse på elektronisk påmeldingsskjema. Statsforvaltaren spanderer også middag for alle deltakarane tysdag kveld, på Seilet hotell. Kryss av for middag på påmeldinga.

LIS1-leger og turnuskandidatane må sjølv søkje sine respektive kommunar om permisjon med løn. Vi viser i denne samanheng til følgjande regelverk:

Leger - Særavtale mellom Den norske Legeforening og Kommunenes sentralforbund, SFS 2305, §12.6 (gyldig til 31.12.21, men den er ikkje oppdatert så difor er denne framleis gjeldande)



Statsforvaltaren inviterer også til kurs i akuttmedisin 8.-9. mars, men dette kurset arrangerast av Simcare. For informasjon og påmelding, sjå [HER](http://www.simcare.no/kurs-lis) (www.simcare.no/kurs-lis).

Refusjon reise og overnatting

Reiseutgifter dekkast etter billigaste reisemåte, fortrinnsvis rutegående transportmiddel. Viss dette ikkje let seg ordne, må skyssen samordnast med andre kandidatar.

Dersom ein har behov for å reise ein dag føre kurset, må ein sjølv sørgje for bestilling av hotellrom og ekstra utgifter knytt til dette.

Reiserekninga skal leverast elektronisk, og du må difor først registrere deg som brukar. Dette gjer du via denne lenka:

[Registrering av brukar til reiserekning](#)

Når du er registrert som brukar kan du legge inn reiserekninga her:

Last ned DFØ-app frå Google Play eller Appstore til din mobil. Løysinga krev innlogging via ID-porten. Om du treng hjelp til utfylling av reiserekning eller treng teknisk støtte, ta kontakt med DFØ (Direktoratet for økonomistyring) på 400 18 659 eller lonn@dfo.no.

Kontaktinformasjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: rådgivar Marianne Gravem; maegr@statsforvalteren.no
Tlf.: 71 25 85 57

Velmøtt!

Med hilsen

Vegard Ansok (e.f.)
assisterande fylkeslege

Marianne Ensby Gravem
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent